



Hardanger Fjord Nytt

www.hardangerfjord.com

Dronninga kjem !!!

Så er det klart: Det vert kongeleg opning av Streif 2005 og Unionsoppløysingsmarkeringa i Hardanger neste år!

Fredag 22. april må heile Hardanger stille i finstasen og rettferdiggjera at 100års jubileet nettopp startar her i Hardanger. Det er på Reiserter streifet vert sett i gang, og langs løypa vil vi få både hardangermat og sjå på arbeid frå Harding Puls. På fjorden seglar fleire veteranskip, og også der vert det utstilling frå Harding Puls.

Same dagen vert det offisiell lansering av Merkevaren HARDANGER, eit prosjekt som næringslivet og det offentlege no arbeider intenst med. - og om ikkje det er nok: Ein smak av fruktbare Hardanger, matvareprosjektet her i regionen - vil presentera sine resultat for eit stort publikum.

Om kvelden vert det festkonsert i Hardangerhallen på Hotel Ullensvang med tema "Kunsten i Landskapet - Landskapet i kunsten".

Allereie 21. april vert det internasjonal konferanse på Lofthus med spanande foredragshaldarar. Mellom anna kjem direktøren i Süd Tyrol Marketing, dr. Christoph Engl og kårserar om regional merkevarebygging, samarbeid mellom reiseliv, landbruk og andre næringar i felles marknadsføring av geografiske område og deira produkt. Innovasjon Norge

har god von om at redaktøren av National Geographic kjem til konferansen og forklarar kvifor dei norske fjordane er reisemål nr. 1 i verda.



Då Dronning Sonja opna Hardangervidda Natursenter Eidfjord i 1995

God oktober i Hardanger....	2
Merkevara Hardanger	3
Kompensasjonsmidler.....	3
Hardanger i Oslo.....	3
Nasjonal Bransjeløysing....	4
Reiselivet i Hardanger.....	5
RHF tiltak.....	6

God oktober måned i Hardanger

Det har i 2004 vorte ei vane; gode gjestetall og omsetningsauke måned for måned! Med 7 % framgang i oktober ser vi konturane av eit rekordår i Hardanger. Til dømes har vi på hotella passert 211.000 gjestedøgn, og ligg 13% over dei 10 første månedene i 2003. Camping og hyttesektoren har 155.000 gjestedøgn så langt i år, 10% meir enn i fjor på same tid.

Gjennomsnittleg rompris på hotell ligg NOK 33 over fjoråret, og losjioemsetninga syner pluss 14 millionar NOK i høve til 2003.

Oktober er normalt ikkje nokon stor måned i Hardanger. Difor er tala einskildvis ikkje så interessante. Perioden januar - oktober er derimot god lesing, med plusstal nesten på kvar nasjon. Storbritannia er på gamle høgder, pluss 31%. Japan noterar ny rekord, pluss 22%. Nederland har markert seg i Hardanger; pluss 26% på hytte/camping og pluss 33% på hotell.

Det er truleg dei norske turistane som står for den store omsetningsauken. Dei legg i 2004 att store pengar i Hardanger, og har ein auke på 16% på hotell og 13% på hytte/camping.

Hardanger reklame 1. juledag på NRK TV !

14.30 på 1. juledag må alle sjå på TV, for då kjem programmet som vart produsert av kinesisk og norsk TV, og som og skal gå i Kina. Vi følgjer muskarane frå Kina på reise i Noreg (og spesielt i Hardanger) og det vert m.a. bilete frå Geir Botnens konsert i Kina tidlegare i år.

Så jula er definitivt redda; også då vert det fokus på HARDANGER!

Internett Statistikk

Profilsidene våre hadde i november måned 1967 unike besøkande. Gjennomsnittleg besøkslengde var 6 min. 72,15 % av desse var internasjonale besøkande. Ti på topp land: Norge, US, Tyskland, Nederland, Storbritannia, Frankrike, Austerrike, Italia, Sverige og Canada.

Er verksemda di å finna på Internett?

Delta i eit nasjonalt og regionalt heilheitleg Internettmiljø, der reiselystne finn dykk ! Prisar frå NOK 2700 per år - inkludert høg eksponering, og målbare resultat.

De vert synlege på bla. www.hardangerfjord.com, www.fjordnorway.com, www.visitnorway.com, og elles indirekte på dei viktigaste søkemotorane.

Er internettsidene dine brukarvennlege nok ?

Resept på www.bitreiseliv.no. Der finn du BIT Reiseliv Netttest, og du kan få ein full gjennomgang av nettstaden din for 2400,- (spesialpris for RBL medlemmer 1200,-).

Kva hender i Hardanger?

Kontakt oss informasjon om registrering, eller henvend dykk til ditt lokale turistkontor. Informer oss, og me distribuerer via vår reiselivsdatabase til mange portalar!

- og sjøvsagt også på:

www.hardangerfjord.com

Merkevaren Hardanger tek form

Alle hardingar vert inviterte til å ta del i prosessen !

2. februar går Hardangerkonferansen av stabelen i Konferansesenteret i Ulvik. Tema vert Merkevara Hardanger. Hordaland Fylkeskommune, Hardangerrådet og næringslivet i Hardanger har så langt finansiert opplegget, medan Fylkesmannen i Hordaland og Innovasjon Norge enno handsamar søknadar.

Dei 3 finalistane; Oktan, Tibe og Dice vil presentera arbeidet sitt - og konferansedeltakarane skal få gje sine synspunkt til kjenne. Deretter vert merkevaren peika ut for endeleg lansering 22. april. På konferansen vil ein og diskutere om eit Hardanger Næringsråd er interessant for verksemdene i dei 7 kommunane.

Konferansen er open for alle - og det er ingen konferanseavgift.

Så merk tida: **2. februar kl 1030 i Ulvik!**

Kompensasjonsmidlar til Fjord Norge og Hardanger

Kommunaldepartementet har førebels tildelt Hordaland vel 7 millionar NOK som kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift. 1 million av desse vil gå til nasjonal reiselivsmarknadsføring og 3 millionar NOK til internasjonale tiltak innan reiselivsnæringa.

Det vert no diskutert saman med dei 3 andre fylka på Vestlandet korleis desse midlane skal fordelast.

Departementet vil at marknadsføring av dei norske fjordane skal verte prioritert, men det må takast omsyn til dei områda som er spesielt råka av avgiftsauken.

Stor Hardangermarkering i Oslo 27. januar

Hardanger i Noreg 2005

27. januar 2005 innleiar Hardanger Unionsoppløysingsjubileet med ei stor markering i Oslo.

Det vert stort kunstnarisk program med Olav H Hauge i ord og tonar. Professor Gunnar Danbolt kårer om Hardanger i kunsten og kunsten i Hardanger. Det vert innslag frå Hardanger Musikkfest som i 2005 har 10års jubileum.

Reiselivet får presentere seg skikkeleg med ein rundtur i Hardanger. Blant sponsorane finn ein Sparebanken Hardanger, Hardanger Bestikk og Hardanger Fjordfrukt.



Hardanger utviklar nasjonal bransjeløysing

BIT Reiseliv Reaktor Portalbooking

Dei to pilotbedriftene i BIT Reiseliv*, Reisemål Hardanger Fjord, (RHF) og Peer Gynt AS (PG) har i fellesskap valt å satsa på Reaktorgruppen i Bergen som hovudleverandør. Denne løysninga er under utvikling, og vil vera driftsklar våren 2005. Både reiselivsdirektør Helge Møller i RHF og direktør Eli Blakstad i Peer Gynt AS er godt nøgd med samarbeidet så langt. Ved å spleisa på ei felles løysing meiner begge at områda får ei løysing for eigen organisasjon og medlemsbedrifter, som ein verken ville hatt økonomi eller kapasitet til å utvikla kvar for seg.

I løysinga Reaktor PortalBooking inngår i fyrste omgang portalrammeverk, publiseringsverktøy, dialogmarknadsføring (CRM), P SMS-varsling for tinging av aktivitetar og overnatting, pakke og kampanjeverktøy, bookingsystem og betaling.

Løysinga vert levert med online bookingløysing utarbeidd av og for destinasjonsselskap og lokale verksemder innan ulike produktsegment. Den vil også vera klargjort for integrasjon mot eksisterande bookingløysningar. Delar av destinasjonssystemet til Tellus IT AS, vil også bli integrert og tilpassa før sommaren.

Kontaktpersonar:

Reaktorgruppen, Frode Myrseth, direktør forretningsutvikling, tlf. 918 83 275, e-post: frode.myrseth@reaktorgruppen.no.
Web: www.reaktorgruppen.no

Reisemål Hardanger Fjord AS,
Prosjektleder Hildegunn Lund, tlf.
56 55 38 73, e-post:
lund@hardangerfjord.com

Peer Gynt AS/Gudbrandsdalen Reiseliv
AL, Prosjektleder Tom Nøvik, tlf.
907 90 573, e-post:
tom.novik@peergynt.no

BIT Reiseliv deltek på Reiseliv 2005 og presenterer nye IT-løysingar for reiselivet

Dei fire medlemsbedriftene som har hatt jobben med å vere pilotar for utvikling og testing er Kristiansand Dyrepark ASA, Peer Gynt AS, Hotellgruppa i Sogn og Reisemål Hardanger Fjord AS. Representantar for disse bedriftene, og dei to IT-leverandørane som utviklar bransjeløysningane, Reaktorgruppen og Skiinfo vil alle vera tilstades på Reiselivsmessa. Reisemål Hardanger Fjord AS representerar her den eine nasjonale bransjeløysinga "Reaktor Portalbooking", som del av BIT Reiseliv, og deltek på standen til Innovasjon Norge.

BIT Reiseliv AS er stifta

Hausten 2004 fatta styret i RBL eit vedtak om å skilje ut dette omfattande prosjektet frå RBL si daglige drift, og stifta BIT Reiseliv AS. Med på eigarsida er dei fire pilotbedriftene og 20 testbedrifter, som har hatt hovudansvaret for utviklinga av dei nye IT-løysningane i BIT Reiseliv. For meir informasjon om BIT Reiseliv, sjå www.bitreiseliv.no

* BIT, (Bransjeorienterte IT-prosjekt) er eit eige program for utvikling av IT-løysingar i Innovasjon Norge. RBL - Reiselivsbedriftenes Landsforening og ei gruppe medlemsbedrifter deltek i programmet. Arbeidet med utvikling av dei nye løysningane har pågått eit par år, og vert no presentert for fyrste gong til resten av reiselivet.

Reiselivet i Hardanger

Nina Kramer Fromreide er tilsett som leiar av Destinasjon Eidfjord. Ho har m.a. røynsle frå HSD, Fjord Line og Hurtigruten Pluss. Selskapet har ansvar for alle operasjonar i tilknytning til cruiseskipskaien. Denne vert opna søndag 15. mai 2005, samstundes som "Albatros" vitjar kraftkommunen.

M/Y Tysso er komen heim til Tyssedal!

Hausten 2004 kjøpte Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum (NVIM) M/Y Tysso. Kjøpet var tenkt lånefinansiert, men ei raus og gledeleg gåve frå DnB NOR gjer dette unødvendig!

Kven hugsar ikkje den fantastiske sommaren 2002, då M/Y Tysso trafikkerte strekninga Odda - Tyssedal? Dette var eit spleiselag mellom Norzink, Tinfos Titan & Irons, AS Tyssefaldene, Odda Kommune, Tyssedalprosjektet og museet. Mange ynskta då at båten måtte hentast heim.

I dei to åra som har gått, har ein helde kontakten med eigarane i AS Tysso. Då museet sommaren 2004 fekk tilbod om å kjøpe båten, tok styret ved museet på seg ansvaret.

Takka vera DnB NOR sitt bidrag på 600 000,- er museet no blitt båteigarar.

Quality Hotell Vøringfoss endrar namn til Quality Hotel & Resort Vøringfoss, Choice har utvida typar hotell, frå 3 til 5.

Til sjølvmeldinga

RISK pr aksje i Reisemål Hardanger Fjord AS: **55,72**

Likningsverdi pr. aksje: **863,48**

Hardanger i hundre


"Men det er ikke bare fordi Hardanger har så fin natur og så gode epler at det er nettopp denne regionen som får æren av å åpne ballet (Norge 2005. red.anm.) Det er også fordi man har gjort hjemmeleksen bedre enn andre. ..Ingen av de andre Streif 2005-prosjektene var så omfattende og velplanlagt som det i Hardanger"

Kommentar v/Cathrine Krane Hansen i BT 16.12.04



Vinter i Hardanger (Norheimsund)

Hardangerguiden 2005



Hardangerguiden for 2005 er no under produksjon og vert klar til alle publikumsmessene like over nyttår.

2004 utgåva av guiden var meget populær, då så godt som heile opplaget på 190.000 gjekk ut. Dette tydar på ei stor interesse for Hardanger, og kan

gjenspeglast med den gode statistikken for reiselivet i Hardanger

Reisemål Hardanger Fjord ønsker deg og dine ei riktig

GOD JUL & EIT GODT NYTT REISELIVSÅR!



Nederst frå høgre: Silje, Helge og Siv
Øverst frå høgre: Egil og Hildegunn